

Studenttinget 2016/2017

Referat ekstraordinært møte

Tid	12. oktober 2016 kl.16.00-17.20
Stad	BK 220 VIP
Til stades med stemmerett	AHL: Trym Nikolas Rimmen og Henny Elisabeth Sandvik AMF: Sindre Reinholt og Bernt Inge Berge AKF: Herman Bjørneset Jensen ASH: Oda Skoglund og Silje Brekka FHV: Connie-Marita Hanssen Karlsen og Maria Røvik Dyrli Fråfall: ein fri representant og ein frå kulturfag
Til stades utan stemmerett	Arbeidsutvalet: David Fiskaa (velferdsansvarleg), Karoline Strand (Leiar), Håvard Bjørnerem (Informasjonsansvarleg) Natalia Ramirez Garcia (internasjonalt ansvarleg) Andre: Mari Stavdal, Tormod Smedsvig (Høgskulestyret) Ina Flø (referent) Nikolai Hannevik Nordlid (ordstyrar)

Sak 00 – 16/17 Konstituering

Ingen innvendingar

Vedtak: Godkjenner Nikolai Hannevik Nordlid som ordstyrar

Sak 01 – 16/17 Godkjenning av innkalling og referat

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Ingen merknadar

Vedtak: innkallinga blei godkjent.

Sak 02 – 16/17 Godkjenning av sakliste og dagsorden

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Vi har ei hastesak som må behandlast. Denne blir tatt som sak nr 13, og den saka som i utgangspunktet var sak nr 13, blir no sak nr 14.

Det skal veljast en studentrepresentant som skal ver med i utvalet for å velje ny direktør

Vedtak: Sakslista og dagsorden blir godkjent med denne endringa.

Sak 03 – 16/17 Orienteringar

Type sak: Orienteringssak
Sakshandsamar: Karoline Strand

Orientering AU

Vi jobbar med TV-aksjonen no Det blir sponsorsymjing den 19 oktober og oppfordrar alle til å møte opp då. Vi håpar også at flest mogleg vil vere med som bøsseberarar. Dette er søndag 23 oktober frå 16-18.

Vi hadde Buddydagen i går. Det var gratis å trene på VSI, og så hadde vi brettspel i kantina etterpå. Fikk sponsa mat frå Kiwi. Var ca 20 stk som møtte opp.

Studentsamskipnaden for Sunnmøre.

Tormod Smedsvig – styreleiar for SFS.

I morgon skal han i møte med alle studentsamskipnadane i landet.

Tormod informerte litt om kva som skulle skje her.

Det er ikkje vedtak i orienteringssaker.

Sak 13 – 16/17 Val av studentrepresentant i ansettelsesutval av ny direktør

Type sak: Vedtaksak
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Tormod Smedsvig og Karoline Strand stiller til val.

Kandidatane får 1 min taletid kvar.

Urneval

Vedtak: Karoline Strand blei valt som representant.

Sak 14 – 16/17 Valt eller tilsett rektor

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsamar: Karoline Strand

Karoline informerte litt om bakgrunnen for denne saka.

Når ein direktør går av, er det mulighet for å diskutere styringsmodellen til høgskulen.

Karoline går gjennom for og imot skjemaet som er blitt sendt ut i sakspapira.

I dag har vi valt rektor.

Fleire og fleire institusjonar går no for ansatt rektor.

Diskusjon:

Første argument for tilsett rektor er likestilling. Det er ingen kvinner som har stilt til val ved HVO.

Man får ein stor maktskeivheit med valt rektor som ikkje man får ved tilsett rektor. Generelt er det få kandidatar. Vi har derfor få å stemme på. Med tilsett rektor får vi mykje ryddigare sakshandsaming i styret. Det som tel imot tilsett rektor er det politiske speleromet. Valt rektor kan seie kva han vil, tilsett rektor må gå til styre for å få godkjenning.

Saksopplysning: førre gang var det ei kvinne som prorektor.

Med tanke på slik det er i dag kan rektor nedprioritere saker han ikkje ønsker skal bli tatt opp.

Kva er forskjellen på rektor, prorektor og viserektor?

Prorektor og viserektor er det same. Dette er nestleiar. Det blir kalla ulike ting på høgskule og universitet.

Dersom prorektor er nr 2 på lista, kvifor får derfor direktøren so mykje ansvar?

Prorektor har fagleg ansvar, men vil ikkje ta i det administrative, derfor dyttar rektor det over på direktør dersom han har mykje å gjer og har lyst å jobbe litt med det faglege.

Kva vil dette ha for STiV?

Vil en tilsett rektor jobbe mot STiV?

Det skal mykje til å øydelegge for STiV uansett om rektor er tilsett eller valt. Dette kjem an på kva forhold vi klarer å bygge med den rektoren vi har. No har vi rektor på lunsj ca. 2 gonger i veka, førre rektor var der kanskje ein gong i året.

Fordelen med valt rektor er forankring til høgskulen. Det at mange har valt å gå over til tilsett rektor, betyr at dei ikkje treng denne forankringa fordi dei blir større og større. Volda er ikkje der enda. Vi treng ein rektor som har forankring i høgskulen. Det er viktig å kunne ivareta miljøet vi har opparbeida. Mykje av det kan gå tapt ved å gå over til ansatt rektor.

Dei som søker på ein jobb har eit ønske om å gjere ein best mogleg jobb.

Når man har ein tilsett rektor har man ein konsentrasjon av medlemmar som skal behandle dei søknadene som kjem inn. Då vil man sikre seg at dei har kjennskap til institusjonen og ein plan på korleis skulen skal utvikle seg. Man får ein ordentleg gjennomgang og får utfordre kandidatane. Ved valt rektor treng ikkje rektor å høyre med styret før ein kan gjere noko, og denne fridomen er den som kan vere bra for STiV.

Er det noko man kan gjere med tilsetjingsprosessen for å få fleire til å stille?

Når man stiller til val har man eit kandidatur der ein opplyser om kva dei skal jobbe for og kvifor du skal få stemmer. Ved en tilsett rektor vil du bli sparka ut av bunken dersom du ikkje følgjer krava.

For høgskulen sin del har det ikkje fungert så godt med valt rektor før dei 2 siste åra. Det var først når det blei snakk om samanslåingar vi fekk fart på oss. Dersom man har ein tilsetningsprosess vil den best kvalifiserte bli tilsett.

Det som kan fungere bra ein plass, treng ikkje fungere like bra her. – ref Høgskulen i Oslo og Akershus.

Argument mot valt rektor er valprosessen og lav val deltaking. Det er synd, men det seier seg litt sjølv også fordi det er komplisert for mange studentar å sette seg inn. Dei har ikkje kompetanse til å kunne velje kven som bør bli rektor. Dei bryr seg ikkje. Då er det betre med ein tilsetningsprosess der alt blir gjennomgått av folk med kompetanse.

Prøvevotering på kva folk tenkjer: Aktiv votering. Det er lov å stemme avhaldne.

Valt rektor: ingen

tilsett rektor: 5 stk.

Avhaldne: 4 stk.

Når man bytar frå valt til tilsett rektor er det veldig vanleg å fortsette med den same som sit no.

Ingen har bedt oss om å ta eit standpunkt på dette, men vi ønskjer at høgskulerepresentantar skal vite kva studentmassa ønskjer når dette skal behandlast i høgskulestyret. Dette skal vere skriftleg og offentleg.

Det er viktig at vi har ei klar stemme.

Vedtak: Det er ikkje vedtak i diskusjonssaker

Møte slutt kl 18.00